



Hordaland Fylkeskommune

Boks 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
14/75-75/N-000//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
06.07.2014

Høyringsuttale frå Kvam herad vedr. regional plan for attraktive senter i Hordaland

Kvam heradsstyre har i sitt møte 17.06.2014 gjort vedtak om følgjande høyringsuttale:

Kvam heradsstyre ser positivt på framlegg til «*Regional plan for attraktive senter i Hordaland*». Planen kan vera med på å sikra ei balansert utvikling i heile fylket.

Kvam heradsstyre er svært nøgd med at Norheimsund opprettheld status som regionscenter. Det vil styrkja heile regionen med omsyn til befolkningsutvikling, næringsutvikling og offentleg satsing.

Kvam heradsstyre meiner at det er viktig å ta vare på lokalt initiativ og skaparkraft, og vil understreka, som det står i planen, at han er rettleiande og krev lokal tilpassing i konkrete saker.

Kvam heradsstyre vil minna om at hytteutbygginga på Kvamskogen styrkjer grunnlaget for regionscenteret i Norheimsund.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Leiar politisk sekretariat

Telefon: 56553022

Epost: kwvi@kvam.kommune.no

